

SPØR

nytt fra fortiden

Nr 2 2000

15 Årgang

30 Hefte

ISSN 0801-5376

Kr. 60,-



Grafitti på klebersteinsberg

– endå ei runeinnskrift funnen på Esøya i Vevelstad



Oversiktsbilde over klebersteinsveggene på austsida av den vesle Esøya. Foto J. R. Hagland

Esøya ligg utanfor Hamnøya i Vevelstad kommune på Helgeland.



Tekst Jan Ragnar Hagland

Sidan 1980-talet har det vore godt kjent i lokalsamfunnet at det på klebersteinsveggene på austsida av den vesle Esøya utanfor Hamnøya i Vevelstad kommune på Helgeland finst ei rad innskrifter, mellom anna med initialar og årstal frå 1600-talet og frametter i tida. At det mellom alle desse grafitti-liknande innskriftene også finst runer, har etter kvart også vorte nokså godt kjent. Kunnskap om at det finst runer på Esøya har dei siste åra mellom anna vore spreidd gjennom turistbrosjyrer for området. Inntil nyleg har denne kunnskapen i praksis dreia seg om éi innskrift. Denne innskrifta kan vera så gammal som frå 1000-talet. Men i oktober 1999 fekk Vitskapsmuseet melding om at Lisbeth Frantzen frå Herringen, i september same år hadde oppdaga ei ny innskrift!

Den innskrifta vi har kjent til no, vart oppdaga i 1979 og tolka første gong av underskrivne i ein publikasjon frå 1984 (Festskrift til Ludvig Holm-Olsen). Tolkninga har sidan vore omtala i Helgelands Historie, bd. 1 av Birgitta Berglund. Kort attfortalt her synest denne innskrifta altså å gi ei halvstrofe i den norrøne verseforma ljóðaháttur – ei verseform der rimmønsteret er bygt på bokstavrim, eller allitterasjon. Innskrifta har 27 runer og synest å mätta lesast slik: NR'IR'NR'NYNI-NRI'NIN'N = ursibirsuraukuin. uriisubiuku. I normalisert norrøn språkform vil dette då etter alt å dømma mätta tolkast som følgjande vesle vers:

yr's yfir's
yr hoggvinn
yr I es(i)u biúgu

På moderne norsk vil det kunna tyda noko slikt som: «Ein boge er over, ein boge er hoggen – ein boge i det bjuge (=krumme) esjeberget». Esje er eit eldre ord for tolge eller kleberstein, og det er heilt klart dette naturfenomenet som har gjeve namn åt Esøya. Dei to bogane ordspelet i halvstrofa synest å visa til, må for det første vera eit marmorfelt i bergveggen over



Esøy, innskrift nr. I. Bogeforma innskrift med 'boge over'. Foto J. R. Hagland

innskrifta forma som ein boge eller eit dyrehorn, for det andre på innskrifta sjølv, som er skriven i ein boge (sjå bildet over).

I tolkinga av innskrifta frå 1984 var den nest siste runa elles usikkert lesen. Etter ny synfaring i august 2000 med betre utstyr, må den tentative lese måten frå den gong no kunna reknast som sikker.

AUTENTISK INNSKRIFT FRA MELLOMALDEREN

Synfaring av det rapporterte nyfunnet viste at det utan tvil er tale om ei autentisk innskrift frå mellomalderen, og funnet er såleis langt frå noka daglegdags hending for oss som arbeider med slike saker. Funnet av endå ei runeinnskrift gjer at den hittil kjende innskrifta difor for ettertida bør omtalast som Esøya I og den nye som Esøya II.

Den nyfunne innskrifta står på ein klebersteinsbergvegg om lag 100 meter lenger ned mot sjøen enn Esøya I, berre 15-20 meter opp frå flomålet. Liksom Esøya I er nr. II skoren inn i ein skrånande bergvegg som danner eit naturleg overheng, der innskrifta står ganske godt verna mot vær og vind.

Innskrift nr. II er atskilleg kortare enn nr. I. Ho har sju runer, som alle er ca. 30 mm høge, og er frå 88 til 95 mm lang. Ettersom innskrifta står i god mannshøgde – ca. 190 cm over bakken – er ho ikkje så heilt enkel å få auga på. Så den som først oppdaga henne, fortener all ære for å ha brukt augo godt. Runene er dobbeltskorne og for det meste ganske godt bevarte, slik at lese måten for dei fleste runene må seiast å vera sikker nok. Figuren på neste side gir eit stilisert riss av korleis innskrifta ser ut. I omtale av dei einiskilde runeteikna skil vi elles mellom stavar, dei loddrette strekane som det kan gå kvister og bogar ut frå for at kvar rune skal ha si distinktive form.

Rune 1-4 kan altså utan særleg tvil lesast som ÞRIR (= þork). Rune 5 er den mest usikre. Her er øvre og nedre del av staven godt nok bevart, men på grunn av forvitring i berget er ein del midt på ikkje så godt synleg lenger. Litt nedanfor midten er det eit noko større utfall av metallhaldig masse i berget. I ytterkanten av denne forvitringa synest det på både sider av staven å vera spor etter eit snitt, truleg restane av ein kvist som har kryssa staven i stigande retning frå venstre opp mot høgre. Etter alt å dømma har rune 5 såleis vore ei æ-rune (æ). Over nivået for denne sannsynlege kvisten er det ei fordjuping i bergoverflata i retning frå staven og opp mot høgre. Denne gir ein skuggekontur ved avfotografering, men synest ikkje å vera




Ein skrånande bergvegg gir ly for innskrifta. Foto J. R. Hagland

del av innskrifta. Rune 6 er ein stav som står litt lågare enn runene på både sider av seg. Runa må kunna lesast som sikker i-rune. Den siste runa, rune 7, er nokså sterkt skadd. Det eine snittet eller den eine sida av den dobbeltsnitta staven er godt bevart. Frå dette snittet og vidare i skriftretninga er bergoverflata avskala. Avskalinga går likevel ikkje djupare enn at omrisset av bogen og litt av kvisten i ein skarpt vinkla r er synleg ved bruk av steinlupe. Det må såleis reknast som sikkert at siste rune har vore ein R, dvs. ein såkalla 'open' r, slik vi ser det i rune 3 her, der overgangen mellom bogen og kvisten ikkje når bort til staven.

Liksom fleire andre stader langs bergveggene av kleberstein på Esøya er det kring denne innskrifta initialar, teikn og årstal frå ulike tider. I overkant av runeinnskrift nr. II, i ein avstand på ca. 4 cm, er det skore inn eit teikn med form som ein runisk k (l'). Teiknet skråar i motsett retning av runeinnskrifta og har truleg ingenting med denne å gjera. Det eldste årstalet som er funne til no på Esøya, er elles 1606.

Øverst:
Den siste innskrifta som
vart funne på Esøya.
Foto J. R. Hagland
Nederst:
Riss av same innskrift.



Innskrifta Esøya nr. II må etter dette nokså sikkert kunna lesast som ÞRYRIR – þorkæir, altså mannsnamnet þorgeirr, eller «Torgeir» på moderne norsk. Runeformer og stavemåte er nøyaktig slik vi ville venta å finna det i ei innskrift frå høgmellomalderen, men grunnlag for ei meir nøyaktig tidfesting ligg ikkje føre. Runeformer og stavemåte kan innebera datering til kva tid som helst i tidsrommet frå 1100-talet til og med 1300-talet.

NATURLEG HAMN LANGS LEIA

Innskrifta kan sjåast som uttrykk for den same form for namnegrafitti som det altså finst så mange andre og yngre døme på langs desse klebersteinsbergveggene på Esøya. Det å etterlata seg namnetrekket har tydelegvis vore ein trang mange har hatt opp gjennom tidene. For betre å forstå den samanhengen desse to runeinnskriftene frå Esøya står i, må det også her minnast om at øya ligg straks utanom den større Hamnøya i Vevelstad. Sundet mellom Esøya og Hamnøya heiter Hamnsundet og garden på øya innanfor heiter då også Hamn. Det vil med andre ord seia at Hamnsundet med Hamn og Esøya har danna naturleg hamn for dei som har sigla leia langs kysten. Her har det etter alt å dømma vore lagleg å liggja på været når det har vore nødvendig, både ved segling nordover og

sørover langs Helgelandskysten. Dei mange innskriftene, runene irekna, må kunna sjåast som tidsfordriv for skipsmannskap som har søkt ly under desse klebersteinsberga opp gjennom åra. Dei to runeinnskriftene er jo nokså ulike av karakter og innhald. Nr. I vitnar om litterær daning og ei viss meistring av skaldskapens krevjande kunst. Nr. II er eit enkelt namnetrekk som vel kan stå der som uttrykk for at kunsten å skriva med runer nødvendigvis ikkje har vore så uvanleg mellom farande folk. Det å kunna skriva namnet sitt har jo elles jamt vore nytta som eit minimumskriterium for det å meistra skrivekunst allment sett også i langt seinare tider. Dermed er slike runefunn som det vi her har å gjera med, interessante i ein større samanheng – viktige små brikker i det store og uferdige puslespelet vi enno driv og samlar bitar til for å kasta lys over spørsmålet om kor utbreidd meistringa av kunsten å skriva med runer var i mellomalderen.

Runene på Esøya har interessant nok òg det vi kan kalla ein litterær kontekst. I dei gamle kongesagaene, i Snorri Sturlusons Heimskringla og i kongesagaverket Fagrskinna er nemleg lokaliteten omtala – både stader i saga om Magnus Berrføtt. I desse to sagatekstene er det fortalt at kong Magnus og mennene hans kom over Steigar-Tore og følgjesmennene hans i nett dette stroket. Steigar-Tore hadde stått for store herjingar kringom i Hålogaland og var såleis ettersøkt av kongen. Han vart teken til fange nett her, og både sagatekstene fortel at Steigar-Tore vart avretta ved henging i Vambarholm. Denne Vambarholm heiter i dag 'Vomma'. Holmen har såleis heilt sidan norrøn tid hatt namn etter si karakteristiske form og ligg berre nokre få hundre meter frå berga med runene på Esøya.

Historisiteten i det kongesagane fortel, kan vi alltid reisa tvil om, og runene kan sjølvsagt ikkje setjast i samband med noko av dette. Men dei er der og underbyggjer inntrykket av at hamna ved Esøya har vore kjend av ferdafolk alt i mellomalderen og såleis vore viktig nok til at det har gitt meining å knyta litterære hendingar til staden. □

'Vomma' - holmen der
Steigar-Tore skal ha enda
sine dagar. Foto J. R.
Hagland



Forfattar
Jan Ragnar Hagland er
professor ved Institutt for
nordistikk og
litteraturvitskap, Noregs
teknisk-naturvitskapelege
universitet.